



STIFTINGA MUSEUMSSENTERET I HORDALAND  
Salhusvegen 201  
5107 SALHUS  
Att.Torhild Kvingedal

Vår dato: 22.05.2023  
Vår ref: 2023/855  
  
Dykkar dato:   
Dykkar ref: 23SEE4AC

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

## Tilsegn med forskotsutbetaling av tilskot til tiltak for truga naturtypar - Skjøtsel av kystlynghei på Lygra og Lurekalven - Alver kommune - 2023

---

**Stiftinga museumssenteret i Hordaland får tilsegn om 250.000 kroner til skjøtsel av kystlynghei. Tilskotet vert betalt ut som forskot. Det er knyttt vilkår til tilskotet.**

---

### Innleiing

Vi viser til søknad om 350.000 kr til skjøtsel av kystlyngheiene som blir drivne av Lyngheisenteret på Lygra og Lurekalven. Av dette er 100.000 kr til delfinansiering av motoren til arbeidsbåten for transport til Lurekalven og Tangane.

### Regelverk

Ordninga med tilskot til truga naturtypar er heimla i forskrift om tilskot til trua naturtypar. Føremålet med ordninga er å bidra til å ta vare på trua naturtypar slik dette er definert i Norsk raudliste for naturtypar, jf. forskrifta § 1. Grunneigarar, privatpersonar, frivillige organisasjonar, kommunar, verksemder og institusjonar kan mellom anna få tilskot til:

- skjøtsel og vedlikehald
- tilpassa bruk på areal som inngår i drifta av landbruksforetak
- gjerdning
- kartlegging og overvaking i tilknyting til tiltak.

Søknader om tilskot til tiltak for dei utvalde naturtypane og dei trua naturtypane som er høgast prioriterte (gruppe 1) i oppfølgingsplanen for trua natur, skal ifølgje retningsliner frå Miljødirektoratet prioriterast. Det same gjeld tiltak der kunnskapsgrunnlaget er godt.

Når forvaltninga tildeler tilskot gjeld prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 som retningsliner ved avgjerda, Vurderinga av miljørettsprinsippa skal kome fram i grunngjevinga.

### Vår vurdering

Statsforvaltaren har motteke søknadar om tilskot til tiltak for trua naturtypar med samla søknadssum langt større enn midlane vi har til rådvelde. Vi har difor vore nøydde til å prioritere.



Beløpet det er søkt om er høgre enn om vi skulle ha nytta dei satsane vi har etablert for skjøtsel av kystlynghei, men museumssenteret driv på andre premissar enn private grunneigarar og vi er samde om at dette er meir kostnadskrevjande enn vanleg drift. Vi ser òg verdien av at lystheisenteret er eit kompetansesenter for lystheidrift for heile landet, og driv aktivt med formidling og kunnskapsoverføring. **De får derfor tildelt 250.000 kroner**, slik de har søkt om for skjøtsel av areala. Dette er om lag same beløp som er tildelt tidlegare, og vi veit av erfaring at det er bruk for eit beløp med denne storleiken.

I tillegg har de søkt om 100.000 kr til delfinansiering av motoren til arbeidsbåten. Sidan vi har svært knapt med midlar i år må vi prioritere å gje tilskot til aktive skjøtselstiltak, og sjølv om dette er utstyr som er naudsynt for å gjennomføre drifta, har vi diverre ikkje høve til å gje tilskot til innkjøp av utstyr i år.

Tiltaket er i samsvar med skjøtselsplan og tilrådd skjøtsel for naturtypen, og inneber ikkje risiko som tilseier at dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova § 8 - 12 treng nærare kommentar.

### Avgjerd

Museumssenteret får tildelt 250.000 k for skjøtsel av kystlynghei på Lygra og Lurekalven. Sidan tiltaket er del av fast årleg skjøtsel i samsvar med skjøtselsplan ser vi det som praktisk for begge partar at tilskotet vert betalt ut med éin gong. Som det går fram av vilkåra under kan tilskotet krevjast heilt eller delvis attende dersom tiltaket ikkje blir gjennomført etter føresetnadene i søknaden.

Tilskotet på kr 250.000 vert utbetalt til kontonummer 3625.19.69684 med det første.

### Vilkår

- Sluttrapport skal leggjast inn i elektronisk søknadssenteret innan 1. oktober inneverande år.
- Dei som er rekneskapspliktige etter rekneskapslova, skal ta vare på bilag i minst fem år etter avslutting av rekneskapsåret.
- Riksrevisjonen og Statsforvaltaren har rett til å føre tilsyn med at tilskotet vert nytta i samsvar med føresetnadane
- Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attende dersom tiltaket ikkje er gjennomført etter føresetnadene i søknaden.

### Klage

Vedtaket om tilskot kan klagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Du har rett til å gjere deg kjend med dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 og 19.

Med helsing

Johannes Anonby  
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald  
seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG